

# **Er du interessert i å kjøpa deg eigen eldrebustad?**



## **Innbyggjarundersøking om interesse for bustader med livslaupsstandard (eldrebustader).**

Austrheim kommune har planar om å byggja bustader med livslaupsstandard (eldrebustader) to stader i kommunen, i Kalandsfeltet (planert areal på bildet over) og i Sætremarka (bilde til høgre).



No ønskjer kommunen å kartleggja interessa mellom innbyggjarane.



Kommunen planlegg i første omgang åtte bueiningar på Kaland, og åtte til tolv bueiningar i Sætremarka (arealet midt i bildet over, over vegen for dagens bustader i Sætremarka). På Kaland er det planar om å byggja bustadane som rekkjehus, mens ein vurderer to- eller firemannsbustadar i to høgder i Sætremarka. No vil kommunen undersøkja interessa for desse to prosjekta blant innbyggjarane i kommunen.

Tomtane er byggjeklare, og Austrheim kommune har ønskje om å realisera prosjekta i perioden 2024 – 2026.

Kommunen har henta inn vurderingar og prospekt frå seks lokale byggefirma. Storleiken på bustadane vil vera rundt 75 m<sup>2</sup>, og dei vil ha to soverom. Alle bustadane vil vera på eitt plan, og universelt utforma.

Kommunen kan stå som utbyggjar av bustadane, eller inngå avtalar med private firma om utbygging, vedlikehald og drift.

Kommunen vil også vurdera om det skal byggjast eit møtelokale og eit ekstra soverom til utleige til bebruarane i eldrebustadane i samband med prosjekta.

Prisen på bustadane vil liggja på rundt 2,5 millionar kroner, inklusiv meirverdiavgift, og vil vera Husbankfinansierte.

Kommunen har fått innspel om at nokon vil eiga bustadane sjølv, medan andre ønskjer seg ein burettslagsmodell av typen me har i Sætremarka. Atter andre ønskjer eit reint leigeforhold.

Dette ei uforpliktande kartlegging for å finna interessa for dei planlagde bustadane på Kaland/Sætremarka.

**1. Ønskjer du/de å eiga bustaden sjølv?**

Ja  Nei

**2. Ønskjer du/de å kjøpa bustad i eit kommunalt eller privat burettslag?**

Ja  Nei

**3. Ønskjer du/de å leiga bustad av kommunen eller ein privat utbyggjar?**

Komm.  Privat

**4. Ønskjer du/de å bu på Kaland eller i Sætremarka?**

Kaland.  Sætremarka

Kontaktinformasjon, slik at me kan oppdatera deg om framdrifta i arbeidet:

Namn: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

E-post: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_

Du kan gje oss svara dine på ulike måtar:

- Levera dette arket til Innbyggjarservice.
- Senda det til oss som brev til Austrheim kommune, Sætremarka 2, 5943 Austrheim
- Ta bilde av svara dine og kontaktinformasjonen, og senda som e-post til [post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no)
- Skriva svara dine inn i ein e-post, saman med kontaktinformasjonen, og senda til [post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no)
- Gå inn på heimesida vår, og svara der, adressa er [www.austrheim.kommune.no/eldrebustader](http://www.austrheim.kommune.no/eldrebustader)

Fristen for å svara på innbyggjarundersøkinga er 1. mars 2024.



Her er arealet på Kaland, markert med raudt i reguleringsplankartet.



**Austrheim**  
KOMMUNE